

# Skjøtselsplan for Grøvamyri, Etnedal kommune, Innlandet fylke.



Foto: Geir Høitomt (2020)

FIRMANAMN/INSTITUSJON OG ÅRSTAL: Etnedal kommune og Kistefos Skogtjenester AS 2020  
PLAN/PROSJEKTANSVARLEG: Kari-Elin Solberg Saglien

## Innhold

Innhold .....	2
A. Generell del .....	3
Skildring av naturtypen .....	3
Førekomst og tilstand.....	4
Generelle råd ved skjøtsel og restaurering av slåttemyr.....	5
Litteratur .....	6
B. Spesiell del: .....	7
Ortofoto/kart.....	10
Bilete .....	13

## A. Generell del

---

### *Skildring av naturtypen*

Slåttemyr er områder med fuktigheitskrevjande vegetasjon som dannar/har danna torv, og som er prega av langvarig hausting gjennom slått. Etter opphøyr av slått vil arealet framleis reknast som slåttemyr så lenge myra er prega av dei økologiske prosessane som skuldast tidlegare slått. Ei slåttemyr i attgroing vil då reknast som slåttemyr så lenge endringane skuldast opphøyr av slått og ikkje andre naturlege prosessar (til dømes forsumping, torvakkumulasjon). Ut frå denne definisjonen så sluttar ei myr å vere slåttemyr når dei naturlege prosessane er viktigare for myra sitt utsjånad og artsmangfald enn dei prosessane som skuldast tidlegare slått. Ei myr sluttar også å vere slåttemyr når andre bruksmåtar eller inngrep har større innverknad på dei økologiske prosessane enn den tidlegare slåtten (nedbygging, drenering, beiting, m.m.).

Myrene delast i to hovudtypar etter tilgangen på mineralnæring. **Jordvassmyr** (minerotrof/ minerogen myr) er myr som får tilført mineral frå vatn som har vore i kontakt med mineraljorda, dvs. minerogent (geogent) vatn, medan **nedbørmyr** (ombrotrof/ombrogen myr) berre får tilført næring frå nedbøren. Innanfor eit myrkopleks er det ofte ein mosaikk mellom ulike utformingar av nedbørmyr og jordvassmyr. Jordvassmyr delast inn i fattig, intermediær, middelsrik og ekstremrik myr basert på endringar i vegetasjonen langs fattig-rik-gradienten. Dette er ein av hovudgradientane på myr, og variasjonen langs denne gradienten saman med variasjonen langs myrkant-myrfalte-gradienten og tue-lausbotn-gradienten (frå tørt til vått) vert brukt til å dele vegetasjonen på myr inn i ulike einingar (sjå f.eks. Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. – NINA temahefte 12: 1-279).

Ei slåttemyr har brukbar produksjon av gras og urter som kan haustast. Jordvassmyrer har høgare produksjon i feltsjiktet enn nedbørmyrer, og det er difor berre jordvassmyrene som vart slått. Ofte er det høgare produksjon på de rikaste myrene, og eit meir variert planteliv som ofte gjev seg utslag i høgare næringsverdi på høyet. Dei beste slåttemyrene har difor middelsrik og ekstremrik myrvegetasjon, men fattigare myrer finst over svært store areal og har også vore viktige. Dette gjeld til dømes store areal med slåttemyr i Agder-fylka og mange av slåttemyrene på Vestlandet.

Langs tue-lausbotngradienten er det fastmattene som er viktigast på slåttemyrene. Her ligg vasstanden i lange periodar av vekstsesongen lågare enn røtene til plantane. Dette gir betre oksygenforhold og betre tilgang på næringsstoff, som igjen gir høgare produksjon i forhold til våtare typar. Elles har myrkantane vore viktige slåttemyreal. Myrkantane er ofte tresette, og dei er i dag spesielt utsett for attgroing. Utformingar av høgstorrmyr og mjukmatte med høg produksjon har også vore viktige slåttemyreal.

Slåttemyrer framstår med relativt jamn overflate utan, eller med svake, myrstrukturar og artane er relativt jamt fordelt. Feltsjiktet dominerast av graminidar (gras og storr), men rike slåttemyrer kan ha mykke urter (sjå nedanfor). Vedvekstar manglar, men myrer i attgroing har ofte buskar og tre mot kantane. Botnsjiktet er velutvikla med overvekt av teppedannande mosar, torvmosar på dei fattigaste myrene og brunmosar på dei rikaste (sjå nedanfor). Det er relativt få artar som utgjer det meste av føret som haustast på slåttemyr. Først og fremst er storrtartane viktige, og då spesielt dei høgvaksne artane flaskestorr og trådstorr. Også gråstorr, stjernestorr, slåttestorr, kornstorr, duskull, torvull, blåtopp og bjønnskjegg er viktige graminidar, og alle dei nemnte artane opptrer både på fattig og rik slåttemyr. På rike myrer kjem det til ei rekke artar, der særbusk, gulstorr, engstorr og breiull er viktige. Urter på både fattig og rik slåttemyr omfattar bukkeblad, rome og tepperot, medan ei rekke urter, blant anna orkidear inngår på rikmyr (og delvis intermediær myr).

## Hovudtypar av slåttemyr

Variasjonen i førekomsten av planteartar langs fattig-rik-gradienten er den viktigaste på slåttemyr, og det skiljast mellom tre hovudtypar langs denne gradienten. Samtidig skiljast gjerne slåttemyrer i låglandet i Sør-Noreg (boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone) ut som eigen type på grunn av førekomsten av låglandsartar og trusselbilete. Produksjonsverdiane nedanfor er basert på slått annakvart år på slåttemyr i Midt-Noreg.

**Fattig slåttemyr** er i botnsjiktet dominert av torvemosar, der stivtorvmose og dvergtorvmose er dei viktigaste artane. Dessutan er levermosar svært vanlege. Feltsjiktet er dominert av graminidar. Mjukmattene har mykje dystorr i feltsjiktet, og i tillegg er sivblom og bjønnskjegg blant dei vanlegaste artane. I fastmatter er bjønnskjegg, duskull, blåtopp og storr-arter vanlege. Produksjonen ved slått varierer frå 30-50 kg/daa i mjukmatter til 60-100 kg/daa i fastmatter. I fastmatter dominert av rome, og med därleg dekning av andre karplantar, reduserast produksjonen raskt til same nivå som for mjukmatter når slåtten takast opp att. Dette heng saman med at rome hemmast sterkt av slåtten.

**Intermediær slåttemyr** har eit velutvikla botnsjikt og det er innslag av urter i feltsjiktet. Alle dei nemnte artane frå fattig slåttemyr inngår, dessutan nokre av artane frå rik slåttemyr som særburstorr, grønnstorr, myrklegg, sveltull og rosetorvmose. Flaskestorr, trådstorr, slåttestorr, gråstorr og kornstorr kan vere viktige mengdeartar. Produksjonen i intermediær slåttemyr er lite undersøkt, men ligg nok på nivå med fattigmyr eller noko høgare.

**Rik slåttemyr** har eit velutvikla botnsjikt dominert av brunmosar som myrstjernemose, navargulmose, messingmose og brunmakkmose, og det er større førekost av levermosar som brundymose. Feltsjiktet er artsrikt og dominert av grasvekstar og urter. Artar som toler slått godt, slik som sotstorr, særburstorr, gulstorr, slåttestorr, duskull, breiull, myrtust og fjellfrøstjerne er relativt vanlege eller førekjem i større mengder. Stor dominans av høge og rasktveksande artar som blåtopp, takrøyr og mjødurt i kantane kan indikere attgroing. Produksjonen ved slått varierer frå 50-100 kg/daa i mjukmatter til 100-135 kg/daa i fastmatter.

**Slåttemyr i låglandet** skil seg ikkje vesentleg frå dei andre delnaturtypane. Det viktigaste er førekomsten av låglandsartar/sørlege artar som til dømes taglstorr (myrkant), nebbstorr, smalmarihand, myrflangre, mjølkerot (intermediær myr), og i slåttemyrar som gror att står gjerne svartor og trollhegg.

## Førekost og tilstand

Myrslått har hatt eit stort omfang i Noreg, og var ei svært viktig kjelde til vinterfôr for husdyra i det førindustrielle jordbruket. Truleg vart fleire tusen km<sup>2</sup> myr hausta regelmessig då omfanget var på sitt største i siste halvdel av 1800-tallet. Myrlåtten avtok utover på 1900-tallet og tradisjonell hausting opphørde dei fleste stader her i landet rundt 1950. I dag vert nokre få slåttemyrer haldne i hevd med aktiv skjøtsel.

Slåttemyrer finst over heile landet, og med tyngdepunkt i indre og midtre delar der det er store areal av jordvassmyr og relativt korte avstandar til bygder med gardar. Fylka i Midt-Noreg har klart flest registrerte lokalitetar, følgd av Innlandet. Også Viken, Telemark og Agder har mykje slåttemyr, men Viken og Telemark er mangefullt kartlagt. Det same gjeld Nord-Noreg. Slåttemyrer i låglandet i Sør-Noreg (boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone) er sjeldne, spesielt på Austlandet.

Slåttemyrer over heile landet er i dag i endring som eit resultat av attgroing. På myrflatane går prosessen seint, og myrane kan framleis vere opne sjølv mange tiår etter at slåtten opphørde, spesielt i høgareliggende strøk. Den største endringa er at myroverflata vert meir kupert eller tuete; det vert større skilnad mellom forseinkingar og forhøgningar. I myrkantane skjer endringane raskare, og buskar og kratt breier seg utover; svartor, trollhegg og pors i låglandet og i sør; dvergbjørk og vier i høgareliggende strøk og i nord. Gråor og bjørk er også viktige artar i attgroingsfasen, gråor først og

fremst i mellomboreal sone og lågare, bjørk i alle vegetasjonssonar under skoggrensa. I tillegg aukar mengda av kantartar som marikåpe, sumphaukeskjegg, mjødurt, kvitmaure og myrfiolar. Også førekomensten av høge graminidar som klubbestorr, takrøy og blåtopp aukar på kostnad av mindre artar som særbusstorr, gulstorr og myrtust. I botnsjiktet aukar førekomensten av oppreiste og tuedannande mosar som torvmosar på kostnad av nedliggende, teppedannande mosar som myrstjernemose og brunmakkmose, og eit teitt strølag gir eit mindre velutvikla botnsjikt.

## *Generelle råd ved skjøtsel og restaurering av slåttemyr*

Skjøtsel av slåttemyr bør skje så nært opp til den tradisjonelle bruken som mogleg, men målsettinga med skjøtselen er avgjerande både for stubbehøgde, slåtteintervall, slåttetidspunkt og behov for fjerning av slåttegraset. Avhengig av storleiken på arealet kan det vere hensiktsmessig med ulike skjøtselstiltak og ulik skjøtselsintensitet i ulike delar av området. Det kan også vere hensiktsmessig å skilje mellom ein restaureringsfase dei første åra og ein årleg skjøtselsfase seinare, avhengig av grad av attgroing.

I restaureringsfasen ryddast området for kratt, og tre tynnast og attståande tre kvistast opp til mannhøgde. Rydding skal skje «nedanfrå», det vil seie ved å ta ut buskar og små tre og la store tre stå, eventuelt ta dei ut i ein seinare fase, avhengig av målsetjinga med skjøtselen. Stubbar må kappast så langt ned som mogleg slik at dei ikkje skapar problem ved etterfølgjande slått. Kvistane/stammene på kratt og mindre buskar bør ein dra opp og kutte under markoverflata med øks. Etter rydding er det spesielt viktig at alt ryddeavfall, kvist, stubbar og liknande vert samla saman og brent på eigna stader, og aller helst frakta ut av området. Dette for å unngå unødig oppgjødsling.

Ved restaurering er det viktig å ikke setje i gong med meir omfattande rydding enn det ein greier å følgje opp med skjøtsel i ettertid. Rydding utan påfølgande slått kan gi auka attgroing.

Ofte må områda slåast ein gong i året i restaureringsfasen, og i låglandsområder kan det vere nødvendig med slått to gonger i året. Etter kvart som krattoppslag reduserast og produksjonen i feltsjiktet stabiliserer seg er det i dei fleste tilfella tilstrekkeleg med slått frå kvart tredje til kvart tiande år for å halde krattet i sjakk. I sørlege og lågtliggende område kan det vere nødvendig med hyppigare slått.

Slått med tohjulstraktor er eit godt alternativ til ljåslått, og erfaringar frå blant anna Sølendet naturreservat i Røros viser at slått med tohjulstraktor er ca. 7 gonger raskare enn ljåslått. Bruk av kantklippar med knivblad er eit alternativ i tuete og ulendt terrenget, men er om lag like arbeidskrevjande som ljå.

Slåttemyr bør skjøttast med slått, husdyrbeiting er ikkje eit godt alternativ. Beiting og slått påverkar myr på ulik måte. Høgt grunnvatn og torvdanning gjer myra sårbar for trakk. Trakk av beitedyr fører lett til skadar på plantedekket og blottlegging av torv med påfølgjande erosjon. Etter kvart vil buskar og kratt etablere seg på forhøgninga som trakket har skapt. Husdyr på utmarksbeite kan kanskje forseinkne attgroing på slåttemyr reint visuelt, men vil ikkje kunne erstatte effekten av slåtten.

Slåttegraset kan gjerne tørkast på bakken slik at frø frå plantane vert frigjort, men det bør fjernast frå slåtteområda. Dette er først og fremst viktig for at høyet ikkje skal «gjødsle» myra. I høgareliggjande strøk der nedbrytinga går seint, vil høyet dessutan bli liggjande på bakken i fleire år og gi endra tilhøve for mosar og mindre karplantar samanlikna med områder som rakast, spesielt dersom produksjonen er relativt høg. Også til samanraking vil bruk av maskinar vere mykje raskare enn tradisjonelle metodar med bruk av rive. Dersom høyet ikkje skal brukast, kan det samlast opp i haugar og brennast. Her kompostering kan vere eit alternativ i lågareliggjande områder. Dersom formålet med skjøtselen

først og fremst er å halde krattet unna myrene, kan slått utan oppsamling vere eit alternativ i områder med relativt låg produksjon.

## *Litteratur*

Praktiske detaljar og erfaringar omkring restaurering og skjøtsel av slåttemyr kan finnast i publikasjonar frå NTNU Vitskapsmuseet, til dømes:

Lyngstad, A. 2012. Kartlegging, overvåking og skjøtsel i Øvre Forra naturreservat 2012. – NTNU Vitensk.mus. Bot. Notat 2012-8: 1-36.

Lyngstad, A., Øien, D.-I., Vold, E.M. og Moen, A. 2013. Slåttemyrlokaliteter i Sør-Norge. A. Prioritering av lokaliteter for skjøtsel og overvåking. B. Kartlegging av slåttemyr på Østlandet 2012-2013. – NTNU Vitskapsmuseet naturhistorisk rapport 2013-8: 1-96.

Øien, D.-I. og Moen, A. 2006. Slått og beite i utmark - effekter på plantelivet. Erfaringer fra 30 år med skjøtsel og forskning i Sølendet naturreservat, Røros. – NTNU Vitensk.mus. Rapp. bot. Ser. 2006-1: 1-57.

Rapportane er fritt tilgjengelege på [www.ntnu.no/vitenskapsmuseet/publikasjoner](http://www.ntnu.no/vitenskapsmuseet/publikasjoner).

Sjå også:

Moen, A. 1989. Utmarksslåtten - grunnlaget for det gamle jordbruket. – *Spor* 4: 36-42.

Moen, A. og Øien, D.-I. 2012. Sølendet naturreservat i Røros: forskning, forvaltning og formidling i 40 år. – Bli med ut! 12: 1-103. Akademika forlag/[Fagbokforlaget](#)

Norderhaug, A. m.fl.(red.) 1999. Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. – Landbruksforlaget. Boka er også tilgjengeleg på Miljødirektoratet sine heimesider:  
[www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner-fra-DirNat/Annet/Skjotselsboka/](http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner-fra-DirNat/Annet/Skjotselsboka/)

## B. Spesiell del:

### SØKBARE EIGENSKAPAR (for Naturbase)

Namn på lokaliteten Grøvamyri	Kommune Etnedal kommune	Områdenr.
ID i Naturbase	Registrert i felt av: Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester AS	Dato: 7.august 2020
Eventuelle tidlegare registreringar (år og namn) og andre kjelder (skriftlege og munnlege)		Skjøtselsavtale: Inngått år: 2020 Går ut år:
Hovednaturtype: Slåttemyr	% del 100	Utformingar: Intermediær slåttemyr % del 100

Verdi (A, B, C): Viktig - B Annan dokumentasjon (bilete, belagde artar m.m.)

Påverknadsfaktorar (kodeliste i handbok 13, vedlegg 11)

Stadkvalitet		Tilstand/Hevd		Bruk (nå):			Vegetasjonstypar:	
< 20 m	X	God		Slått			Intermediære til svakt kalkrike, tilsvarande V9-C-2 (intermediær seminaturleg myr).	
20 – 50 m		Svak		Beite	X	Sau og hest (utmarksbeite)	Myrkantane er delvis i attgroing og har i mindre parti innslag av nokon meir basekrevjande artar (V1-C-8, temmeleg til ekstremt kalkrike myrkantar).	
50-100 m		Ingen	X	Torvtekst				
> 100 m		Attgrødd		Gjødsling				
		Dårlig		Brenning				

### OMRÅDESKILDRING (For Naturbase og som grunnlag for skjøtselsplanen)

#### INNLEIING

Skjøtselsplanen er utarbeida av Kari-Elin Solberg Saglien, Etnedal kommune. Kartlegging av Grøvamyri er utført av Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester AS. Planen er basert på kartlegginga, samt handlingsplan for slåttemark og handbok nr. 13; *Kartlegging av naturtyper*. Arbeidet med skjøtselsplanen er initiert av Etnedal kommune, som ein del av handlingsplanen i *Kommunedelplan for naturmangfold*. Dette er første slåttemyra i Etnedal som får eigen skjøtselsplan. Målet er å oppretthalde slåttemyrkvalitetane på ei avgrensa område på Grøvamyri. Opphøyr av myrslått har endra mangfaldet på myra og ført til attgroing, der særleg kantane er utsett. Desse er spesielt viktig å halde i havd, då dette ofte er dei mest artsrike arealet.

#### PLASSERING OG NATURGRUNNLAG:

Grøvamyri ligg på Grøven, nord i kommunen. Området er i hovudsak utmark, men det noko spreitt hyttebusetnad rundt myrkomplekset. Berggrunnen er dominert av leirsikfer med innslag av kvartsitt(synnfjelldekket/-dupleksen). Torv, myr og tynn morene dominerer området. Etnedal ligg innanfor nordboreal vegetasjonssone og i overgangsseksjonen mellom svakt kontinental og svakt oseansk klima.

#### NATURTYPAR, UTFORMINGAR OG VEGETASJONSTYPAR

Grøvamyri er eit større myrområde som består av opne myrflater, myrkantmiljø samt fleire sumpområde, småtjern og myrputtar. Store delar av myrene har preg av slåttemyr, med jamn overflate og lite busk- og trevekkstar. Ei gammal høyløje ligg i vestre del av myra og er ein god indikator på tidlegare tiders bruk som slåttemyr. Desse gamle slåttemyrene er i hovudsak intermediære til svakt kalkrike, tilsvarande V9-C-2 (intermediær seminaturleg myr). Myrkantane er delvis i attgroing og har i mindre parti innslag av nokon meir basekrevjande artar (V1-C-8, temmeleg til ekstremt kalkrike myrkantar). Seminaturleg myr (slåttemyr) har status sterkt truga (EN) i gjeldande raudliste (2018) for naturtypar i Noreg.

Fleire småtjern og myrputtar, samt svak meanderande bekkar finst på myra. Vassansamlingane er nokså vegetasjonsfattige, men særleg langs bekkekane førekjem det over nokon strekningar nokså velutvikla helofyttsumpar (L4-C-2, litt kalkfattig til intermediær helofyttsump). I opplendte partiar veks dessutan fjellbjørkeskog med innslag av gran(enkelte grantre er observert her).

**ARTSMANGFALD:**

Dei svakt kalkrike myrene har innslag av artar som ljåblom, tepperot, myrklegg, svettull, svarttopp, stjernestarr, trådstarr og blåtopp. I fattigare parti dominerer molte, myrklegg og dvergbjørk. I rike kantsoner inngår nokså krevjande artar som fjelltistel, kvitbladtistel, svarttopp, tyrihjelm, fjellfrøstjerne, enghumleblom, mjødurt og skogstorkenebb. I nokon rike fuktsig vart gulstarr sett, men svært spreitt. Langs bekkar og tjern inngår m.a. artar som elvesnelle, flaskestarr og sløke.

I lysopningars på dei litt tørrare ryggane med fjellbjørkeskog(og innslag av gran) vaks det finnskjegg, gulaks, harerug, blåklokke og gullris. På den gamle løa var det førekost av vanleg sotbeger (NT) på fleire av stokkane. På nokon av dei gamle grantrea som står spreitt i fjellbjørkeskogen vaks det granseterlav (NT).

Feltarbeidet vart utført nokså seint i sesongen(starten av august), og tidspunktet var ikkje ideelt for registrering av fuglelivet på myra. På artskart føreligg det jamvel fugleobservasjonar frå området (primært frå tjern i austre del av området), og fleire av desse artane er truleg til stade i området. Dette gjeld m.a. krikkand, storspove (VU), rødstilk, enkeltbekkasen, rødstjert, sivspurv (NT) og blåstrupe (NT).

**BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD:**

Den gamle løa og myrstrukturen (utan tuer og trevegetasjon) viser at dette området har vorte slege i tidlegare tider. Alderen på høyloa er uviss, men Grøve (gbnr. 33/30) er opphavleg ei seter med kjent historie frå 1812. Høyloa er ikkje nevnt i denne samanhengen, men ho vart truleg brukt til å lagre høy som vart frakta ned i bygda ila. vinteren. Seinare vart setra fast busett(ca. 1968) og då kan løa ha vorte brukt til lagring av hesjestaur eller liknande.

Løa måler 4x4,5 meter, er oppført i «luselaft» og har truleg hatt bordtak.

Myra kryssast i dag av skiløype, samt ei kraftlinne i sør.

**FRAMANDE ARTAR:**

Ingen påviste framande artar ved feltregistrering.

**KULTURMINNER:**

Løa er eit kulturminne som er direkte tilknytt slåttemyra. Elles er det i området rundt øvre og nerre Grøve registrert ei rekke kulturminne. Det er i hovudsak kolframstillingsanlegg (og eitt jernutvinningsanlegg), men det ligg også eit busetting-aktivitetsområde heilt på grensa til gbnr. 34/15, samt veganlegg(stig) tilknytt dei andre kulturminna som er registrert. På Øvre Grøve er det registrert eit røysfelt av uviss alder.

**SKJØTSEL OG OMSYN**

Det bør attinngjørast myrslått på om lag 5 dekar av desse tidlegare slåttemyrområda. Store delar av området har høg botanisk kvalitet, men med variasjon. Myrkantane er rikast, men er prega av noko attgroing.

Myrkantane er ei sterkt truga naturtype (ref. rapport om *Rødlista Naturtyper*). Det er derfor viktig å starte med rydding av myrkantane når ein tek oppatt slåtten av det utvalde myrområdet. Vier og mindre tre av bjørk og gran bør hoggast (kapping under bakkenivå), men større tre kan kvistast opp. Alt rydningsavfall må fraktast ut av området.

Dei første åra etter kantrydding må ein rekne med årleg slått og skjøtsel for å ta renningar av tre og buskvegetasjon i ei restaureringsfase. Etter dette vil det truleg halde med tradisjonell slått med 3-4 års mellomrom.

Skjøtselen må føregå på ein måte som ivaretak verdiene og gjenopprettar tidlegare tilstand på best mogleg måte. Det må vurderast om tradisjonell ljåslått og raking er best eller om det kan nyttast tohjuls slåmaskin. Slåttegraset må samlast saman og fjernast frå myra.

**DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP:**

Grøvamyri er ein del av eit tidlegare slåttemyrlandskap. Myrene framstår i dag som opne, men i attgroing, særleg langs kantane. Oppstart av myrslått vil vere positivt for å ta vare på delar av det opne slåttemyrlandskapet.

**VERDIGRUNNGJEVING:**

Slåttemyra er vurdert til å ha verdi som viktig – B. Sjølv om slått av myra truleg opphørte på 1950-talet, så har myra framleis ein tilstand som indikerar tidlegare hevd. Det utarbeidast skjøtselsplan for ein mindre del av Grøvamyri (ca. 5 dekar), men slåttemyrpreget dekker godt over 50 dekar. Det er eit viktig referanseområde for vegetasjonsutvikling og myra har lokal kulturaristisk verdi.

**SKJØTSELSPPLAN**

DATO skjøtselsplan: 15.12.2020	UTFORMA AV: Kari-Elin Solberg Saglien		FIRMA: Etneal kommune	
UTM Etrs89 EPSG:25832 6769727 ; 531987	Gnr/bnr. 33/30	AREAL (noverande): Ca. 4 daa	AREAL etter evt. restaurering: Ca. 5 daa	Del av verneområde? Nei
Kontakt med grunneigar/brukar (ev /informant). Før opp tidsperiodar, ev datoar. Namn: Torbjørn Lundmoen, 12. november 2020		Type kontakt (synfaring, tlf., e-post med meir) Telefon		

**MÅL:**

Hovudmål for lokaliteten: Slått av utvalde delar av myrarealet og restaurering av myrkantane til dette området. Slåtten har som føremål å framheve og ivaretaka dei botaniske kvalitetane til ei slåttemyr.

Konkrete delmål: Rydde og opne opp myrkantane i det utvalde området og starte opp med fast slått for å redusere strølaget i myra og dermed framme sprøsiringa i området.

Ev. spesifikke mål for delområde(r): Restaurere den gamle løa. Sjå etter reistar etter gamle høystakkar i området.

Tilstandsmål artar: Oppretthalde arts mangfaldet som er karakteristisk for denne type slåttemyr.

Mål for nedkjemping av problemartar/attgroing: Slått innanfor den avgrensa området, samt fjerning av kratt, lyng og frøtre av gran og furu rundt slåtteområdet.

**Slåttemyra skal ikke gjødslast.**

<b>AKTUELLE TILTAK:</b>	<b>Prioritering (år)</b>	<b>Ant timar og daa</b>	<b>Kontroll: (Dato)</b>
Generelle tiltak:			
1) Ytterlegare kartlegging av området 2) Rydding og fjerning av kratt og tre etc. 3) Slått 4) Raking, oppsamling og bortkøring av høy	1) 2021 2) 2021, 2022 3) 2022, 2023, 2026 og 2029 4) 2022, 2023, 2026 og 2029	1) 20t/10daa 2) 15t/ 3daa 3) 10t/5daa 4) 10t/5daa	2) 2022 3) 2022... 4) 2022...
Aktuelle restaureringstiltak, utover dei generelle:	5) 2021-2025	5) Må kartleggast	
Aktuelle årlege skjøtselstiltak, utover dei generelle:			

**UTSTYRSBEHOV:**

Avhengig av type reiskap som kan nyttast;

Rydding: Motorsag, ryddesag, øks, sag, greinsaks, etc.

Slått: Tohjulstraktor eller tilsvarande, ljå, kantklyppar, etc.

Raking, oppsamling og bortkøring: river, maskin med svans, bil med hengar e.l.

**OPPFØLGING:**

Skjøtselsplanen skal evaluerast innan 12 år, seinast i 2032.

Behov for registrering av spesifikke artsgrupper: Evaluering bør følgast opp med ei ny botanisering av slåttemyra (skjøtselsområdet).

Tilskot søkt år:	2021	Søkt til:	
Tilskot tildelt år:		Tildelt frå:	

**Skjøtselsavtale partar:**


Etnedal kommune og grunneigar (Torbjørn Lundmoen)

**ANSVAR:**

Etnedal kommune

## Ortofoto/kart

1:5000 frå [www.valdreskart.no](http://www.valdreskart.no). Det prioriterte skjøtselområdet er markert.




Skjøtselsplan Grøvamyri

Kartbilete frå side 11 og 12 er også frå [www.valdreskart.no](http://www.valdreskart.no)



Skjøtselsplan Grøvamyri



Skjøtselsplan Grøvamyri

## Bilete

Fotograf: Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester AS



UTM 32 531989, 6769729 teke mot S.



UTM 32 531917, 6769771 teke mot S.



UTM 32 532329, 6769830 teke mot Ø.



UTM 32 532216, 6769900 teke mot SØ.